

Referat frå FAU-møte 3/12-24

Dato:	12/03/2024	Referent:	Anne Nordheim
Sted:			
	Disse er innkalt:	Møtt	Forfall
1.	Silje Ø. Håkonsrud		x
2.	Viola Hefte Valstad		x
4.	Anne Nordheim	x	
5.	Eirik Skare	x	
6.	Elin M. Blixhavn	x	
7.	Guro Holvik Evjen	x	
8	Henrik Haugestøl	x	
9	Jostein Fingarsen	x	
10	Katja Weien Roest	x	
11	Mona Ekse Lien	x	
12	Stein Erik Solheim	x	
13	Torbjørn Skarpås	x	
14	Nils Bekkestad	x	

Sak		Ansvarlig
1	Godkjenning av referat frå 12.11 Referatet vart godkjent. Deltakarane ba om at referat blir sendt som PDF på epost.	alle
2	Godkjenning av innkallelse og agenda Innkalling og agenda er godkjent.	alle
3	Valg av referent Anne skriv referat.	
4	Oppdatering fra møte 12/11 om skjermbruk og etterarbeidet: <ul style="list-style-type: none"> - Eirik Skare har sjekka prisar hjå ulike foredragshaldarar. Ligg mellom 6000-20 000 kr. Dei ulike aktørane vi har snakka med er alle opne for å komme. - Barnevakten har stort sett frivillige foredragsholdere. Eirik har snakka med ein som heiter Frode Rensel (lærar i Hole i Ringerike) i Barnevakten - han har også vore i kontakt med MOT/ Ål Ungdomsskule. - FAU Nedre-Ål har 54 000 kr på konto. - Mona har fått beskjed om at Oppvekstkontoret kan bidra økonomisk dersom vi heldt 	Eirik, Mona, alle

	<p>arrangementet for alle grunnskuleforeldre i Ål og at det er Ombodet i BFK (v Hilde Arntsen) som heldt foredraget.</p> <ul style="list-style-type: none"> - FAU drøfta om vi skal gå for tilbodet frå Barnevakten eller frå Ombodet? <p>OPPFØLGING: Elin B og Eirik S følger opp med oppvekstkontoret (Sissel Skrindo) og får mandat til å sette opplegget for foredraget.</p>		
5	<p>Starte planlegging av åpning nye skuleparken: Nils orienterte om at det er FAU som får ansvaret for å lage den storstilte opninga av den nye skuleparken. Vidare bør vi ha ei arbeidsgruppe; ikkje berre frå FAU men også evt andre eldsjeler.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Spørsmål om økonomi? Vi må finne ut kva rammer vi har? - Spørsmål om tidspunkt? Mai/ juni? - Kor mange skal sitte i ei arbeidsgruppe? <ul style="list-style-type: none"> * To frå elevrådet? * Forslag til foreldrenavn: Iris, Rannveig, Anne; Erlend, Ørjan eller Magnus? * Koble på Kulturskulen? <p>Idear:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Hinderløypekonkurranse vaksne mot born (rektor mot oppvekstsjef osv), Solveig skal zippe snora i bunad og med ordførarkjede, skating frå proffar, konsert, bollar. <p>OPPFØLGING: Nils spør i SU kva skulen har av midlar og estimert tidspunkt for opning + om vi kan få to elevrådsrepresentantar med. Anne spør foreldrene som er lista opp over.</p>	alle	
6	<p>Nettside for FAU under Nedre-Åls sider, oppdatering:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Elin har spurt Servicetorget om dette; saka ligg der/ evt på oppvekstkontoret. <p>OPPFØLGING: Elin B purrar på Servicetorget.</p>	Elin	
7	<p>Elevrådet ønsker å arrangere discofest, ønsker hjelp til å bake + lage pizza:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Vi vart einige om at dette må delegerast ut i klassane. <p>OPPFØLGING: Nils sjekkar tidspunkt for festen og koordinerer beskjed ut til foreldra når vi veit akkurat når og kor mykje det er snakk om.</p>	alle	

8	<p>Orientering fra rektor. Skoletur, handlingsplan og tilsyn:</p> <p>1. Skoletur: Rektorgruppa legg snart fram for politikarane i januar/februar at dei ynskjer å flytte tur til Knattholmen frå 9. til 7.trinn. Knattholmen må dei fyrste åra då bli på vårhalvåret (pga fullbooka). <i>Konsekvensar for årets 6. trinn på Nedre-Ål er at dei må skaffe midlar til foreldrefinansiert tur neste skuleår (2025/2026). Det blir (forhåpentlegvis) den siste gruppa som må det.</i> Frå skuleåret 2026/27 og 2027/28 er det foreslått av rektorgruppa/administrasjonen at det blir tur til Knattholmen både på 7. trinn og 9. trinn. Derav politisk handsaming (krev aukt budsjett til leirskule i Ål). Frå 2028/2029 blir det felles tur til Knattholmen for alle 7. trinn i Ål-skulene.</p> <p>2. Tilsyn fra Statsforvaltaren på Nedre-Ål: All dokumentinnhenting og datainnsamling er no gjort, og foreløpig rapport (til intern behandling) kjem før jul. Endeleg, offentleg rapport kjem ila vinterhalvåret.</p> <p>I tilsynet ser dei på skulen og på det kommunale nivået. Har vore ein god, spanande og lærerik prosess så langt. Har erfart mange læringspunkt allereie. I tilsynet har Statsforvaltaren vurdert korleis skulen handsamar melde- og aktivitetsplikten, og korleis kommunen følger opp skulene.</p> <p>3. Handlingsplan: Leiinga ynskjer at handlingsplanen for skulen skal rullerast etter at rapporten frå tilsynet blir offentleggjort. FAU vil bli involvert i prosessen.</p> <p>4. Politisk sak om mogleg nedlegging av Skattebøl skule: Elevar på 1.-4. trinn som har måttet flytte på seg (19 stk som er berørt av eventuell skulenedlegging) skal bli hørt innan høringsfristen 5. januar. Ønskte innspel frå FAU på korleis skulen best bør legge opp til høringsprosess med elevane. FAU drøfta ulike metodar, men mest kva som er formålet med undersøkinga og kva bornas svar skal brukast til. Einigkeit om at elevane bør bli hørt på skulen i klassen (gjerne av lærar) og at dei ikkje skal bli bedt om å vurdere Nedre-Ål og Skattebøl opp mot kvarandre. Og</p>	Rektor	
---	---	--------	--

	<p>viktig å ikkje skape evt urealistiske forventningar om at Skattebøl skal bli verande open.</p> <p>Innspel til spørsmål frå FAU:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Kva saknar du frå Skattebøl? Kva var bra på Skattebøl? <p>Innspel til metodar: Teikne, drøfte i klassen, skrive i norsktimen. Gjere det "artig", ikkje lage vanskeleg spørreundersøking. Tilpassa alderen.</p>		
9	<p>Saker fra klassene (eventuelt): Årets 6. trinn hadde meldt inn spørsmål om status for skuletur. Det var behandla i punkt 8.</p>	alle	

Neste møte

4. februar 2025